

Innkalling

Utval	Stranda kontrollutval
Møtestad	Stranda Rådhus
Dato	03.05.2023
Tidspunkt	kl 16:00

Den som har lovleg forfall eller vil ha vurdert habilitet til ei eller fleire av sakene, må melde frå snarast mogleg til sekretariatet på e-post: post@sksiks.no eller på telefon 92611735

Varamedlem møter etter nærare innkalling.

Sakliste

- PS 11/23 Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte
- PS 13/23 Revisorbrev (nummerert brev) nr. 01, 2023 for Stranda Hamnevesen KF
- PS 14/23 Uttale om årsrekneskap og årsmelding 2022 Stranda Hamnevesen KF
- PS 15/23 Uttale om årsrekneskap og årsmelding 2022 Stranda kommune

Ålesund, 26.04.2023

Helge Kvame
Leiar kontrollutval

Bjørn Tømmerdal
Dagleg leiar SKS IKS

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 11/23	Stranda kontrollutval	03.05.2023

Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste, samt møteprotokoll frå forrige møte slik den ligg føre.

Vedlegg

Møteprotokoll - Stranda kontrollutval - 20.03.2023

Møteprotokoll

Utval	Stranda kontrollutval
Møtestad	Møterom Øyna, rådhuset
Dato	20.03.2023
Tidspunkt	kl 16:45 - 18:00

Følgjande medlemmer møtte

Anne Melgaard Tårn
Eva Rinde Habostad
Helge Kvame
Per Ingebrigt Karbø

Forfall

Vebjørn Skog

Møtande varamedlem

Lars Birger Stige

Møtenotat

Frå administrasjonen møtte konstituert rådmann Tone Lillebø under sak PS 10/23.

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte Bjørn Tømmerdal.

Kontrollutvalet valde å handsame sak PS 10/23 Oppfølging av forvaltningsrevisjon 2022 - kvalitet og ressursbruk i grunnskuleopplæringa fyrst i møte.

Helge Kvame
Leiar kontrollutval

Bjørn Tømmerdal
Dagleg leiar SKS IKS

Sakliste

- PS 07/23 Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte
- PS 09/23 Meldingar
- MS 03/23 Stranda kontrollutval sitt medlemskap i Forum for kontroll og tilsyn FKT
- MS 04/23 Høyring - anbefaling for god skikk og praksis i kontrollutvalsekretariata
- PS 10/23 Oppfølging av forvaltningsrevisjon 2022 - kvalitet og ressursbruk i grunnskuleopplæringa.

PS 07/23 Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste, samt møteprotokoll frå forrige møte slik den ligg føre.

Stranda kontrollutval 20.03.2023

Behandling

Samrøystes vedteke.

STKU - 07/23 vedtak

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste, samt møteprotokoll frå forrige møte slik den ligg føre.

PS 09/23 Meldingar

MS 03/23 Stranda kontrollutval sitt medlemskap i Forum for kontroll og tilsyn FKT

Sekretariatet si tilråding:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Stranda kontrollutval 20.03.2023

Behandling

Samrøystes vedteke.

STKU - 03/23 vedtak

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

MS 04/23 Høyring - anbefaling for god skikk og praksis i kontrollutvalsekretariata

Sekretariatet si tilråding:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Stranda kontrollutval 20.03.2023**Behandling**

Samrøystes vedteke.

STKU - 04/23 vedtak

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

PS 10/23 Oppfølging av forvaltningsrevisjon 2022 - kvalitet og ressursbruk i grunnskuleopplæringa.

Konstituert rådmann Tone Lillebø gjekk gjennom presentasjon (ligg vedlagt møteprotokollen) og svarte på spørsmål frå medlemmane i kontrollutvalet.

Sekretariatet si tilråding:

Etter å ha fått ei orientering frå administrasjonen om status i vedtaksoppfølginga av forvaltningsrevisjonsrapport 2022 - kvalitet og ressursbruk i grunnskuleopplæringa, reknar kontrollutvalet forvaltningsrevisjonen som avslutta.

Stranda kontrollutval 20.03.2023**Behandling**

Alternativt forslag, foreslått av Helge Kvame,

Kontrollutvalet takkar konstituert rådmann Tone Lillebø for ei god og førebels orientering. Utvalet ynskjer ei status oppdatering frå rådmannen på deira siste møte 18. september 2023.

Alternativt forslag samrøystes vedteke.

STKU - 10/23 vedtak

Kontrollutvalet takkar konstituert rådmann Tone Lillebø for ei god og førebels orientering. Utvalet ynskjer ei status oppdatering frå rådmannen på deira siste møte 18. september 2023.

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 13/23	Stranda kontrollutval	03.05.2023

Revisorbrev (nummerert brev) nr. 01, 2023 for Stranda Hamnevesen KF

Sekretariatet si tilråding:

Kontrollutvalet tek det nummererte brevet frå kommunerevisjonen til vitande. Kontrollutvalet forutset at Stranda hamnevesen KF fylgjer reglane for god kommunal rekneskapskikk.

Bakgrunn:

I følgje kommunelova § 24-7 skal revisor melde frå skrifteleg til kontrollutvalet om følgjande forhold, dersom forholda blir vurderte som vesentlege:

- feil som kan føre til feilinformasjon i årsrekneskapen
- manglar ved registrering og dokumentasjon av rekneskapsopplysningane
- manglar ved den økonomiske internkontrollen
- manglande eller mangelfull forklaring på vesentlege avvik mellom rekneskap og budsjett

Revisor skal i nummererte brev alltid melde frå om følgjande forhold:

- kvar mislege handling (uavhengig av kor vesentleg ho er)
- grunngjevinga for manglande underskrift på oppgåver som kommunen skal sende til offentlege myndigheiter, og som revisor etter lover eller forskrifter skal stadfeste
- grunngjevinga for å seie frå seg revisjonsoppdraget

Utover disse punkta står revisor fritt til å melde frå om andre vesentlege forhold i nummererte brev.

Revisor skal sende nummererte brev til kontrollutvalet med kopi til kommunedirektøren. Normalt vil det vere kommunedirektøren som har ansvaret for å rette opp eller følgje opp dei feil og manglar mv. som revisor har teke opp. Når det gjeld kommunale foretak så vil det vere styret ved dagleg leiar som har ansvar for å følgje opp.

Vurdering:

Revisor har sendt kontrollutvalet eit revisorbrev (nummerert brev) nr. 1/23 datert 20. mars 2023, knytt til forhold hjå Stranda hamnevesen KF. Revisor tek her opp forhold knytt til utgiftsføring av nedskrivning av anleggsmidlar. Dette får og betydning for revisjonen sin konklusjon i revisjonsberetningen.

Revisor kan i kontrollutvalet sitt møte gjere nærare greie for bakgrunnen for det nummererte brevet og grunngjevinga for revisor sitt atterhald.

Hamnesjefen er invitert til møte og kan gjere greie for føretaket sitt syn på saka og om dei har sett i verk tiltak som endrar det omtalte forhold.

Det er opp til kontrollutvalet, etter å ha fått informasjon både frå revisor og føretaket, til å vurdere om dette er eit forhold som er så viktig at dei ynskjer å gjere kommunestyret kjent med det. Eller om kontrollutvalet kjenner seg trygg på at forholdet no vert retta opp med rutinar som sikrar at praksis i føretaket er innanfor kommunal rekneskapsskikk.

Vedlegg

Nummerert kommunikasjon frå revisor nr 01 2023 - Stranda Hamnevesen KF

Følgjebrev - nummerert kommunikasjon frå revisor 01-2023 - Stranda Hamnevesen KF

MRR

Møre og Romsdal Revisjon SA

Kontrollutvalget i Stranda kommune

**Kopi:
Konstituert rådmann
Styret**

Revisorbrev nr. 1 for Stranda Hamnevesen KF

I forbindelse med vår revisjon av Stranda Hamnevesen sitt årsregnskap for 2022 plikter vi iht. kommuneloven §24-7 og god kommunal revisjonsskikk å informere om observasjoner som fremkommer under revisjonen og som etter vår mening er viktige og relevante i forhold til styrets overordnede ansvar for kommunens styring og kontroll.

Revisors formål med revisjonen er å gi uttrykk for en mening om regnskapet. Revisjonen omfatter en vurdering av den interne kontrollen knyttet til utarbeidelsen av regnskapet for å utføre revisjonshandlinger som er hensiktsmessige ut fra omstendighetene, men ikke med det formål å gi uttrykk for en mening om effektiviteten av den interne kontrollen. Forholdet som rapporteres i dette brev begrenser seg til de mangler som vi har identifisert under revisjonen som får konsekvenser for vår konklusjon i revisjonsberetningen. Rapporteringen gir således ikke en fullstendig oversikt over de svakheter som eventuelt måtte foreligge.

Vi vil minne om at denne nummererte kommunikasjonen er inkludert i oppbevaringspliktig regnskapsmateriale som må oppbevares på en ordnet og betryggende måte iht bokføringsloven § 13, pkt. 4.

Beskrivelse av forhold

Utgiftsføring av nedskrivning av anleggsmidler


Hamnevesenet har utgiftsført nedskrivning av anleggsmidler på kr 13 559 318 under andre driftskostnader i driftsregnskapet, med motpost før netto driftsresultat. Nedskrivning av anleggsmidler skal etter god kommunal regnskapsskikk kun føres mot kapitalkonto under annen egenkapital, og ikke i driftsregnskapet. Dette forholdet påvirker brutto driftsresultat med nedskrivingsbeløp, og brutto driftsresultat skulle etter vår mening vært kr 16 564 868, men forholdet påvirker ikke netto driftsresultat og disponering av dette.

Forholdet får betydning for vår konklusjon i revisjonsberetningen og vil bli medtatt under avsnitt «Grunnlag for konklusjon» hvor konklusjonen avgis med forbehold om ovennevnte forhold.

Som følge av korreksjon og diskusjoner rundt dette er endelig regnskap ikke avgitt innenfor fristen som følger av kommuneloven, som er 22. februar 2023. Dette er omtalt under andre forhold i revisjonsberetningen.

Ålesund, 20.mars 2023

Møre og Romsdal Revisjon SA



Kathrin Haram
oppdragsansvarlig revisor

Emne: Uavhengig revisors beretning 2022 samt nummert brev - Stranda Hamnevesen KF

Kopi: Møre og Romsdal Revisjon SA <post@mrrevisjon.no>, Tone Lillebø <tone.lillebo@stranda.kommune.no>, Andrea Fivelstad <andrea.fivelstad@stranda.kommune.no>

Til: per.erik.dalen@aakp.no, Rita Berstad Maraak <rima@stranda.kommune.no>, Post <sksiks@sksiks.no>, post@stranda.kommune.no

Sendt: 21.03.2023 09:15:12

Fra: Kathrin Haram <Kathrin.Haram@mrrevisjon.no>

Hei,

vedlagt er revisjonsberetning 2022 for Stranda Hamnevesen KF samt nummerert brev, som omtaler forbehold og presisering i revisjonsberetningen oppsummert slik:

Utgiftsføring av nedskrivning av anleggsmidler

Hamnevesenet har utgiftsført nedskrivning av anleggsmidler på kr 13 559 318 under andre driftskostnader i driftsregnskapet, med motpost før netto driftsresultat. Nedskrivning av anleggsmidler skal etter god kommunal regnskapsskikk kun føres mot kapitalkonto under annen egenkapital, og ikke i driftsregnskapet. Dette forholdet påvirker brutto driftsresultat med nedskrivingsbeløp, og brutto driftsresultat skulle etter vår mening vært kr 16 564 868, men forholdet påvirker ikke netto driftsresultat og disponering av dette.

Forholdet får betydning for vår konklusjon i revisjonsberetningen og vil bli medtatt under avsnitt «Grunnlag for konklusjon» hvor konklusjonen avgis med forbehold om ovennevnte forhold.

Som følge av korreksjon og diskusjoner rundt dette er endelig regnskap ikke avgitt innenfor fristen som følger av kommuneloven, som er 22. februar 2023. Dette er omtalt under andre forhold i revisjonsberetningen.

Med vennlig hilsen

MØRE OG ROMSDAL REVISJON SA

Kathrin Haram

Statsautorisert revisor/ autorisert regnskapsfører

Tlf. 41 33 26 91

kathrin.haram@mrrevisjon.no

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 14/23	Stranda kontrollutval	03.05.2023

Uttale om årsrekneskap og årsmelding 2022 Stranda Hamnevesen KF

Sekretariatet si tilråding:

Kontrollutvalet tilrår Stranda kommunestyre å godkjenne årsrekneskap og årsmelding 2022 for Stranda hamnevesen KF.

Kontrollutvalet vil minne kommunestyret om det ansvaret som ligg til å følgje god rekneskapsskikk og dei fristar som følger av kommunelova.

Dette gjeld og dei kommunale foretaka som kommunestyret har det øvste ansvaret for.

Bakgrunn:

Kontrollutvalet har det overordna ansvaret med å sjå til at det blir ført kontroll med at økonomiforvaltninga til kommunen går føre seg i samsvar med gjeldande avgjersler og vedtak, jf. kommunelova § 23-2.

Ansvaret til kontrollutvalet for å føra kontroll med økonomiforvaltninga blir framheva i kommunelova som eit særskilt ansvar ved sida av ansvaret for rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og eigarskapkontroll. Dagens kommunelov stiller ei rekkje nye og grunnleggande krav til økonomiforvaltning og berekraft i kommunane, jf. kommunelova § 14-1. Dette krev at økonomisk handleevne må takast vare på over tid, planer for eiga verksemd og økonomi skal vera realistiske, finansielle middel og gjeld skal forvaltast utan vesentleg finansiell risiko og betalingsforpliktingar skal innfriast ved forfall.

Kontrollutvalet sitt ansvar er å uttale seg til kommunestyret om årsrekneskapane og årsmeldingane før formannskapet innstiller til vedtak, jf. kommunelova § 14-3. Kommunen skal og utarbeide rekneskap for kvart kommunale føretak. Jf. kommunelova § 14-6.

Vurdering:

Kontrollutvalet skal 3. mai 2023 handsame årsrekneskap og årsmelding 2022 for Stranda Hamnevesen KF, som er lagt fram av føretaket 28. februar 2023, samt tilhøyrande revisjonsmelding frå Møre og Romsdal Revisjon SA datert 20. mars 2023. Stranda Hamn KF har i 2022 eit netto driftsresultat på 15 425 141. Revisor har i revisjonsmeldinga gitt merknader til årsrekneskapen.

Stranda kontrollutval er gjort kjend med usemjå mellom kommunerevisjonen og leiinga i hamnevesenet i synet på nedskriving av anleggsmidlar i årsrekneskapen. Dette gjer at revisjonsmeldinga er skriven med atterhald knytt til nemnte punkt. Som ein konsekvens av dette er heller ikkje rekneskapen levert innan fristen. Andre delar av årsrekneskapen oppfyller lovkrava og gir eit dekkande framstilling av den økonomiske stoda i Stranda hamnevesen KF pr. 31 desember 2022.

Det er opp til kontrollutvalet sjølv å bestemma kva uttalen frå kontrollutvalet til årsrekneskap og årsmelding skal innehalde. Verken kommunelov eller kontrollutvalsforskrift stiller konkrete krav til innhaldet, ut over at den skal knyta seg til forhold i årsrekneskapen eller årsmeldinga og tilhøyrande revisjonsmelding.

I denne samanhengen er det viktig å være merksam på revisjonen si rolle. Dette er godt forklart i veilederen frå departementet / kontrollutvalshandboka kor det står:

Revisor har eit sjølvstendig fagleg ansvar for å revidere årsrekneskapen til kommunen i samsvar med lov, føresegnar og god kommunal revisjonsskikk. Rekneskapsrevisjon omfattar kommunen sin årsrekneskap, og dessutan årsrekneskapen i eventuelle kommunale føretak. Årsrekneskapane skal reviderast før dei blir lagde fram for handsaming i kommunestyret. I tillegg til revisjon av årsrekneskapen til kommunen vil også oppgåvene til revisor omfatte ei rekkje attestasjonar, til dømes meirverdiavgiftskompensasjonsoppgåvene til kommunen.

Rekneskapsrevisjonen skal gje revisor grunnlag for å stadfeste at årsrekneskapen er avlagd i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk.

Dette inneber at revisor skal gå gjennom årsrekneskapen og grunnlaget for rekneskapstala, og undersøkje om årsrekneskapen gjev eit dekkjande bilete av den økonomiske aktiviteten i kommunen.

Årsrekneskapen

Kontrollutvalet skal kontrollera at årsrekneskapen er ført i samsvar med lover og reglar og at kommunestyret sine målsetjingar er oppfylt. Kontrollutvalet kan følgjeleg føreslå endringar i årsrekneskapen, dersom det er skjedd føringar i strid med gjeldande regelverk. Grunnlaget for behandlinga har vore den avlagde årsrekneskapen, føretaket si årsmelding og revisjonsmeldinga. I tillegg har oppdragsansvarleg revisor supplert kontrollutvalet med relevant informasjon. Revisor har bekrefta at bokføringa er i tråd med bokføringsregelverket med unntak av nemnde punkt om nedskriving av anleggsmidlar. Som revisor skriv i si beretning skal dette i følgje god rekneskapsskikk berre føres mot kapitalkonto under anna eigenkapital.

Årsmelding

Årsmeldinga skal mellom anna omtale forhold som er viktige for å vurdere den økonomiske utviklinga og stillinga, og om desse tek vare på den økonomiske handleevne over tid. Det er nærliggande å vurdere dette som sentrale moment i uttalen frå kontrollutvalet.

Årsmeldinga skal innehalde ei vurdering av:

- føretaket si måloppnåing og andre ikkje-økonomiske forhold som er av vesentleg verdi for kommunen eller innbyggjarane.
- tiltak som er sett i verk og tiltak som blir planlagd sett i verk for å sikra ein høg etisk standard.
- den faktiske tilstanden når det gjeld likestilling av kjønn.
- kva føretaket gjer for å oppfylle aktivitetsplikta til arbeidsgivar etter likestillings- og diskrimineringslova § 26.

Årsmeldinga gjev opplysningar i forhold til desse punkta. På side 2 i revisjonsberetninga og på side 3, konklusjon, skriv kommunerevisjonen følgende:

Basert på de utførte handlingane og innhentede bevis er vi ikkje blitt kjent med forhold som gir grunn til å tro at årsberetningen ikke gir dekkende opplysninger om vesentlige budsjettavvik.

Samandrag:

Kontrollutvalet og sekretariatet har vurdert det dei har fått lagt fram av dokument og informasjon. Vi er ikkje er gjort kjent med andre forhold som kunne hatt konsekvens for uttalen frå kontrollutvalet enn det atterhaldet som revisor tek knytt til nedskriving av anleggsmidlar, gjev kontrollutvalet sin uttale. (jf. kommunelova §14-3). Ut over dette atterhaldet så betyr det at revisjonen ikkje har avdekt eller påvist vesentlege feil og manglar i føretaket si rapportering.

Kontrollutvalet tilrår Stranda kommunestyre å godkjenne årsrekneskap og årsmelding 2022 for Stranda hamnevesen KF.

Kontrollutvalet vil minne kommunestyret om det ansvaret som ligg til å følgje god rekneskapsskikk og dei fristar som følger av kommunelova.

Dette gjeld og dei kommunale foretaka som kommunestyret har det øvste ansvaret for.

Vedlegg

Årsrekneskap 2022 - Stranda Hamnevesen KF

Årsmelding Stranda hamnevesen 2022

Signatur alle årsmelding og årsrekneskap 2022

Uavhengig revisor si melding 2022 - Stranda hamnevesen KF

MRR

Møre og Romsdal Revisjon SA

Til kommunestyret i Stranda kommune	Kopi: Kontrollutvalget Formannskapet Konstituert rådmann Styret
-------------------------------------	---

Uavhengig revisors beretning

Uttalelse om årsregnskapet

Konklusjon med forbehold

Vi har revidert Stranda Hamnevesen KF's årsregnskap som viser et netto driftsresultat på kr 15 425 141. Årsregnskapet består av balanse per 31. desember 2022, bevilgningsoversikter drift og investering, økonomisk oversikt drift og oversikt over samlet budsjettavvik og årsavslutningsdisposisjoner for regnskapsåret avsluttet per denne datoen og noter til årsregnskapet, herunder et sammendrag av viktige regnskapsprinsipper.

Etter vår mening

- oppfyller årsregnskapet, med unntak av virkningen av forholdet som er omtalt i avsnittet «Grunnlag for konklusjonen med forbehold», gjeldende lovkrav, og
- gir årsregnskapet, med unntak av virkningen av forholdet som er omtalt i avsnittet «Grunnlag for konklusjonen med forbehold», en dekkende fremstilling av den finansielle stillingen til Stranda Hamnevesen KF per 31. desember 2022, og av resultatet for regnskapsåret avsluttet per denne datoen i samsvar med kommunelovens regler og god kommunal regnskapsskikk i Norge.

Grunnlag for konklusjonen med forbehold

Det er utgiftsført nedskrivning av anleggsmidler på kr 13 559 318 under andre driftskostnader i driftsregnskapet, med motpost før netto driftsresultat. Nedskrivning av anleggsmidler skal etter god kommunal regnskapsskikk kun føres mot kapitalkonto under annen egenkapital, og ikke i driftsregnskapet. Dette forholdet påvirker brutto driftsresultat med nedskrivingsbeløp, og brutto driftsresultat skulle etter vår mening vært kr 16 564 868, men forholdet påvirker ikke netto driftsresultat og disponering av dette.

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift, god kommunal revisjonsskikk i Norge og International Standards on Auditing (ISA-ene). Våre oppgaver og plikter i henhold til disse standardene er beskrevet nedenfor under "Revisors oppgaver og plikter ved revisjonen av årsregnskapet". Vi er uavhengige av hamnevesenet i samsvar med kravene i relevante lover og forskrifter i Norge, og har overholdt våre øvrige etiske forpliktelser i samsvar med disse kravene. Innhentet revisjonsbevis er etter vår vurdering tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

MRR

Møre og Romsdal Revisjon SA

Årsberetningen og annen øvrig informasjon

Styret og daglig leder er ansvarlig for informasjonen i årsberetningen. Vår konklusjon om årsregnskapet ovenfor dekker ikke informasjonen i årsberetningen.

I forbindelse med revisjonen av årsregnskapet er det vår oppgave å lese årsberetningen. Formålet er å vurdere hvorvidt det foreligger vesentlig inkonsistens mellom årsberetningen og årsregnskapet og den kunnskap vi har opparbeidet oss under revisjonen av årsregnskapet, eller hvorvidt informasjon i årsberetningen ellers fremstår som vesentlig feil. Vi har plikt til å rapportere dersom årsberetningen fremstår som vesentlig feil. Vi har ingenting å rapportere i så henseende.

Basert på kunnskapen vi har opparbeidet oss i revisjonen, mener vi at årsberetningen

- inneholder de opplysninger som skal gis i henhold til gjeldende lovkrav og
- at opplysningene om økonomi i årsberetningen stemmer overens med årsregnskapet.

Vi henviser for øvrig til avsnittet «Uttalelse om redegjørelse for vesentlige budsjettavvik» under uttalelse om øvrige lovmessige krav.

Styret og daglig leders ansvar for årsregnskapet

Styret og daglig leder er ansvarlig for å utarbeide årsregnskapet og for at det gir en dekkende fremstilling i samsvar med kommunelovens bestemmelser og god kommunal regnskapsskikk i Norge. Ledelsen er også ansvarlig for slik internkontroll som vedkommende finner nødvendig for å kunne utarbeide et årsregnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil.

Revisors oppgaver og plikter ved revisjonen av årsregnskapet

Vårt mål med revisjonen er å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet som helhet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil, og å avgi en revisjonsberetning som inneholder vår konklusjon. Betryggende sikkerhet er en høy grad av sikkerhet, men ingen garanti for at en revisjon utført i samsvar med ISA-ene, alltid vil avdekke vesentlig feilinformasjon. Feilinformasjon kan oppstå som følge av misligheter eller utilsiktede feil. Feilinformasjon er å anse som vesentlig dersom den enkeltvis eller samlet med rimelighet kan forventes å påvirke de økonomiske beslutningene som brukerne foretar på grunnlag av årsregnskapet.

For videre beskrivelse av revisors oppgaver ved revisjonen av årsregnskapet vises det til www.nkrf.no/revisjonsberetninger - revisjonsberetning nr. 1.

Uttalelse om øvrige lovmessige krav

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, og kontrollhandlinger vi har funnet nødvendig i henhold til internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», mener vi at ledelsen har oppfylt sin plikt til å sørge for ordentlig og oversiktlig registrering og dokumentasjon av foretakets regnskapsopplysninger i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Norge.

MRR

Møre og Romsdal Revisjon SA

Uttalelse om redegjørelse for vesentlige budsjettavvik

Vi har utført et attestasjonsoppdrag som skal gi moderat sikkerhet, i forbindelse med Stranda Hamnevesen KF's redegjørelse for vesentlige budsjettavvik, enten det skyldes beløpsmessige avvik eller avvik fra kommunestyrets premisser for bruken av bevilgningene.

Konklusjon

Basert på de utførte handlingene og innhentede bevis er vi ikke blitt kjent med forhold som gir grunn til å tro at årsberetningen ikke gir dekkende opplysninger om vesentlige budsjettavvik.

Grunnlag for konklusjon med forbehold

Som omtalt i avsnittet «Grunnlag for konklusjonen med forbehold» under uttalelsen om årsregnskapet ovenfor, har foretaket utgiftsført nedskrivning og motpost nedskrivning i driftsregnskapet noe som er i strid med god kommunal regnskapsskikk. Bokført nedskrivning fører til et vesentlig budsjettavvik i driftskostnadene som er redegjort for i årsberetningen.

Styret og daglig leders ansvar for redegjørelse om budsjettavvik og revisors oppgaver og plikter knyttet til uttalelsen om budsjettavvik


For videre beskrivelse av styret og daglig leders ansvar og revisors oppgaver ved uttalelse om redegjørelse for vesentlige budsjettavvik vises det til [www.nkrf.no/revisjonsberetninger - revisjonsberetning nr. 1](http://www.nkrf.no/revisjonsberetninger-revisjonsberetning-nr-1).

Andre forhold

Endelig regnskap er ikke avlagt innen fristen som følger av kommuneloven, som er 22. februar 2023.

Ålesund, 20. mars 2023

Møre og Romsdal Revisjon SA



Kathrin Haram
oppdragsansvarlig revisor

Saksframlegg

Saknr.	Utval	Møtedato
PS 15/23	Stranda kontrollutval	03.05.2023

Uttale om årsrekneskap og årsmelding 2022 Stranda kommune

Sekretariatet si tilråding:

Med grunnlag i kontrollutvalet sine aktivitetar retta mot økonomiforvaltninga uttalar kontrollutvalet følgande:

Kontrollutvalet tilrår at kommunestyret godkjenner årsrekneskapen og årsmeldinga 2022 for Stranda kommune.

Bakgrunn:

Kontrollutvalet har det overordna ansvaret med å sjå til at det blir ført kontroll med at økonomiforvaltninga til kommunen gjeng føre i samsvar med gjeldande avgjerder og vedtak, jf. kommunelova § 23-2. Ansvaret til kontrollutvalet for å føra kontroll med økonomiforvaltninga blir framheva i kommunelova som eit særskilt ansvar ved sida av ansvaret for rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og eigarskapkontroll.

Kommunelova stiller ei rekke nye og grunnleggande krav til økonomiforvaltning og berekraft i kommunane, jf. kommunelova § 14-1. Dette krev at økonomisk handleevne må varetakast over tid, planar for eiga verksemd og økonomi skal vera realistiske, finansielle middel og gjeld skal forvaltast utan vesentleg finansiell risiko og betalingsforpliktingar skal innfriast ved forfall.

Kommunelova forsterkar altså desse krava og legg ansvaret på kommunestyret til å sjå til at økonomiforvaltninga skjer i tråd med lov, forskrift og eigne bestemmingar. Kontrollutvalet sitt ansvar er å uttala seg til kommunestyret om årsrekneskapen og årsmeldinga før formannskapet innstiller til vedtak, jfr. kommunelova si § 14-3.

Vurdering:

Kontrollutvalet skal 3. mai 2023 behandla årsrekneskapen og årsmeldinga for 2022 for Stranda kommune som er lagt fram av kommunedirektøren 31. mars 2023 og dessutan tilhøyrande revisjonsmelding datert 17. april 2023.

Kommunen har i 2022 eit netto negativt driftsresultat på 3.137.929 kr og eit netto driftsresultat i den konsoliderte årsrekneskapen på 12.287.212 kr. Revisor har i revisjonsmeldinga ikkje gitt merknadar til årsrekneskapen eller årsmeldinga.

Det er opp til kontrollutvalet sjølv å bestemma kva uttalen frå kontrollutvalet til årsrekneskap og årsmelding skal innehalda. Verken kommunelova eller kontrollutvalsforskrifta stiller konkrete krav til innhaldet, ut over at den skal knyta seg til forhold i årsrekneskapen eller årsmeldinga og tilhøyrande revisjonsmelding. Vi vil likevel sjå nærare på finansielle måltal og budsjettavvik.

Årsrekneskapen

Kontrollutvalet skal kontrollera at årsrekneskapen er ført i samsvar med lover og reglar og at kommunestyret sine målsetjingar er oppfylt.

Kontrollutvalet kan følgjeleg føreslå endringar i årsrekneskapen, dersom det er skjedd føringar i strid med gjeldande regelverk. Grunnlaget for behandlinga har vore den avlagde årsrekneskapen, kommunedirektøren si årsmelding og revisjonsmeldinga.

I tillegg har oppdragsansvarleg revisor supplert kontrollutvalet med relevant informasjon. Revisor har bekrefta at bokføringa er i tråd med bokføringsregelverket. Ingen avvik er rapportert eller avdekt gjennom året frå kommunerevisjonen.

Kommunedirektøren si årsmelding

Årsmeldinga skal mellom anna omtala forhold som er viktige for å bedømme den økonomiske utviklinga og stillinga, og om desse varetar den økonomiske handleevna over tid.

Det er nærliggande å vurdera dette som sentrale moment i uttalen frå kontrollutvalet. Årsmeldinga skal innehalda vurdering av :

- kommunen sin måloppnåing og andre ikkje-økonomiske forhold som er av vesentleg tyding for kommunen eller innbyggjarane.
- tiltak som er sett i verk og tiltak som blir planlagd sett i verk for å sikra ein høg etisk standard.
- den faktiske tilstanden når det gjeld kjønnslikestilling.
- kva kommunen gjer for å oppfylle aktivitetsplikta til arbeidsgivar etter likestillings- og diskrimineringslova § 26.

Årsmeldinga gir tilfredsstillande opplysningar i forhold til desse punkta. Revisor melder òg i sin revisjonsmelding at årsrekneskapen inneheld dei opplysningane som lov og forskrift krev. Opplysningane om økonomi i årsmeldinga stemmer overeins med årsrekneskapen.

Finansielle måltal

Hovudformålet med økonomiforvaltninga etter kommunelova § 14-1 er å vareta økonomisk handleevne. Kommunestyret skal sjølv vedta finansielle måltal for utviklinga av kommuneøkonomien, og vil normalt omtale utviklinga av finansielle måltal i årsmelding. Dette finn oss på side 20 i årsmeldinga.

Budsjettavvik

Kontrollutvalet har i arbeidet sitt med førebuing til uttale om årsrekneskap og årsmelding 2022 fått kunnskap om dei nye krava som blir stilte til kommunedirektøren om å gjere greie for moglege budsjettavvik. Dette er òg omtalt i sjølve årsmeldinga på side 24 og i revisjonen sin melding på side 3. Her gjer revisjonen greie for det ansvaret som ligg i å forklara både beløpsmessige avvik og premissane for dette.

Samandrag:

Med grunnlag i kontrollutvalet sine aktivitetar retta mot økonomiforvaltninga og etter ei samla vurdering, tilrår kontrollutvalet at årsrekneskap og årsmeldinga for 2022 blir godkjent slik den ligg føre.

Dette bygger på ulike orienteringar og saker frå kommunerevisjonen i løpet av året.

Kontrollutvalet har fått presentert revisjonsplan, forenkla etterlevingskontroll og interimrevisjon. Slik sett har kontrollutvalet eit godt fagleg grunnlag for å gje sin uttale. Revisjonsmeldinga er ei normalmelding gitt utan atterhald. Dette betyr at revisjonen ikkje har avdekt eller påvist vesentlege feil og manglar i kommunen sin rapportering.

Kontrollutvalet er ikkje kjent med andre forhold i dialog med revisor som kunne hatt konsekvens for uttalen frå kontrollutvalet, jfr kommunelova § 14-3

Vedlegg

Revisjonsmelding 2022 - Stranda kommune

Årsrekneskap 2022 - Stranda kommune

Årsmelding 2022 konsolidert revidert

Til kommunestyret i Stranda Kommune

Kopi:
Kontrollutvalet
Formannskapet
Konstituert rådmann

MELDING FRÅ UAVHENGIG REVISOR

Uttale om årsrekneskapen

Konklusjon

Vi har revidert årsrekneskapen for Stranda Kommune som viser eit netto negativt driftsresultat på kr 3 137 929 og eit netto driftsresultat i den konsoliderte årsrekneskapen på kr 12 287 212.

Årsrekneskapen er samansett av:

- Kommunekassa sin årsrekneskap, som består av balanse per 31. desember 2022, oversikt over løyvingar til drift og investering, økonomisk oversikt drift og oversikt over samla budsjettavvik og årsavslutningsdisposisjonar for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen, samt notar til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp, og
- Konsolidert årsrekneskap som består av balanse per 31. desember 2022, driftsrekneskap og investeringsrekneskap, for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen, og notar, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining:

- oppfyller kommunekassa sin årsrekneskap gjeldande lovkrav og gir i det alt vesentlege ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til kommunekassa per 31. desember 2022, og av resultatet for rekneskapsåret avslutta per denne datoen i samsvar med kommunelova og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg.
- oppfyller den konsoliderte årsrekneskapen gjeldande lovkrav og gir i det alt vesentlege ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til Stranda Kommune som økonomisk eining per 31. desember 2022, og av resultatet for rekneskapsåret avslutta per denne datoen i samsvar med kommunelova og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift, god kommunal revisjonsskikk i Noreg og International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne under overskrifta "Revisors oppgåver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen". Vi er uavhengige av kommunen i samsvar med krava i lover og forskrifter i Noreg, og har etterlevd dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Innhenta revisjonsbevis er etter vår vurdering tilstrekkeleg og føremålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Årsmeldinga og anna ytterlegare informasjon

Rådmannen er ansvarleg for informasjonen i årsmeldinga. Vår konklusjon om årsrekneskapen ovanfor dekkjer ikkje informasjonen i årsmeldinga.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det vår oppgåve å lese årsmeldinga. Føremålet er å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom årsmeldinga og årsrekneskapen og den kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen av årsrekneskapen, eller om informasjonen i årsmeldinga elles tilsynelatande er vesentleg feil. Vi har plikt til å rapportere dersom årsmeldinga eller anna ytterlegare informasjon tilsynelatande er vesentleg feil. Vi har ikkje noko å rapportere om det.

Ut frå kunnskapen vi har opparbeidd oss i revisjonen, meiner vi at årsmeldinga

- inneheld dei opplysningane som skal vere med etter gjeldande lovkrav, og
- at opplysningane om økonomi i årsmeldinga stemmer overeins med årsrekneskapen.

Vi viser elles til avsnittet «Konklusjon om årsmeldinga» og «Uttale om forklaring for vesentlege budsjettavvik» under vår uttale om andre lovmessige krav.

Rådmannen sitt ansvar for årsrekneskapen

Rådmannen er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at den gir ei dekkande framstilling i samsvar med kommunelovas regler og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg. Rådmannen er også ansvarleg for slik internkontroll han/ho finn naudsynt for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen

Vårt mål med revisjonen er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av feil eller misleg framferd, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld vår konklusjon. Tryggande sikkerheit er ei høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon er å anse som vesentleg dersom den åleine eller samla, innanfor rimeleg grenser, kan forventast å påverke dei økonomiske avgjerdene som brukarane tar, på grunnlag av årsrekneskapen.

For meir omtale av revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen, sjå www.nkrf.no/revisjonsberetninger - revisjonsberetning nr. 1.

Uttale om andre lovmessige krav

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenkla revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt si plikt til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av kommunen sine rekneskapsopplysningar, i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

Uttale om forklaring for vesentlege budsjettavvik

Vi har utført eit attestasjonsoppdrag som skal gje moderat sikkerheit, knytt til Stranda Kommune si forklaring for vesentlege budsjettavvik, enten det skuldast beløpsmessige avvik eller avvik frå kommunestyret sine premisser for bruken av løyvingane.

Konklusjon

Basert på dei utførte handlingane og innhenta bevis, er vi ikkje blitt kjende med forhold som gjev grunn til å tru at årsmeldinga ikkje gir dekkande opplysningar om vesentlege budsjettavvik.

Rådmannen sitt ansvar for å forklare budsjettavvik og revisor sine oppgåver og plikter knytta til uttale om budsjettavvik

For meir omtale av Rådmannens ansvar for forklaring til budsjettavvik og revisor sine oppgåver og plikter ved fråsegn om forklaringa til vesentlege budsjettavvik vises det til www.nkrf.no/revisjonsberetninger - revisjonsberetning nr. 1.

Ålesund, 17. april 2023

Møre og Romsdal Revisjon SA



Kathrin Haram

oppdragsansvarlig revisor